

Tilsynsrapport

sak 2019-14

Inspeksjon av rekkverk

Statens vegvesen, vegavdeling Hedmark

Saksnummer	2019-14
Publiseringsdato	10.05.2019
Tilsynslag	Stefan Karlstrøm, tilsynsleder Sverre Slettemark, fagrevisor veg Håvard Hanto-Haugse, fagrevisor juridisk
Tilsynspart	Statens Vegvesen, Region øst, vegavdeling Hedmark

1. Om tilsynet

Vegtilsynet har gjennomført tilsyn med Statens vegvesen si etterleving av krav til drift og vedlikehold av rekkverk. Tilsynet var gjennomført i Region øst, vegavdeling Hedmark.

Inspeksjonen hadde fokus på følgende:

- vedlikehold
- montering
- overgangar
- avslutningar

Det vart gjennomført slutt møte med byggherre 08.04.19 for å undersøkje nærare korleis trafikkfarlege forhold ved rekkverk vert identifisert og handtert. I slutt møtet vart Vegtilsynet sine registreringar frå inspeksjonen lagt fram.

Sign.:



Trude Tronerud Andersen
direktør

Sign.:



Stefan Karlstrøm
tilsynsleiar

2. Bakgrunn

Vegtilsynet skal føre risikobasert tilsyn med at Statens vegvesen og Nye Veier AS har tilstrekkelege og effektive styringssystem som sikrar at krav til trafikktryggleik vert følgt. Å vere risikobasert inneber å prioritere tilsynsaktiviteten mot dei områda der risikoen for alvorlege trafikkulykker på vegen er størst. At tilsynet ser på styringssystemet betyr at det rettast mot relevante delar av selskapa sine styringssystem i form av revisjonar og verifikasjonar.

Vegtilsynet utarbeider kvart år eit tilsynsprogram, der vi avgjer kva tema og tilsynssaker vi skal jobbe med i programåret. Rekkverk og sideterreng er viktig for å ivareta tryggleiken til trafikantane, og vil ha stor verknad på skadeomfanget når ulykka først inntreff. Rekkverk og sideterreng er derfor eitt av tre hovudtema for tilsynsprogrammet i 2019.

I 2017 og 2018 gjorde vi fleire funn knytt til rekkverk, der spesielt manglande boltar var eit gjennomgåande problem. Dette går fram av tilsynssak 2018-19 mot Vegdirektoratet.

For å følgje opp sak 2018-19 vil Vegtilsynet gjennomføre enkelte inspeksjonar av rekkverk på riksvegane. I Region øst, som har flest utforkøyringsulykker, vil det verte gjennomført to inspeksjonar.

Inspeksjonen i denne saka vart gjennomført på Rv.2 den 19.03.19 i tidsrommet 09:00- 15:30. Det var fint opphaldsvêr og noko snø på bakken. Grunna mykje trafikk konsentrerte inspeksjonen seg om eit område rundt Brandval (sjå vedlegg 1).

3. Mål

Målet med tilsynet har vore å undersøke om Statens vegvesen, vegavdeling Hedmark, sikrar at eksisterande rekkverk på riksveg ivaretek tryggleiken til trafikantane.

4. Tilsynsresultat

Tilsynskriterium: Rekkverk på Rv. 2 i vegavdeling Hedmark skal vere i samsvar med eksterne krav til:

- vedlikehald
- montering
- overgangar
- avslutningar

Lover og reglar gitt med heimel i lov, som har effekt på tryggleiken knytt til riksvegane, utgjør minimumskrav til tryggleik. Handbok N101 Rekkverk og vegens sideområder har som føremål å ivareta tryggleiken til blant andre trafikantane.¹ Vegtilsynet har valt å undersøke etterlevinga av utvalde deler av denne handboka.

Tilsynsbevis 1

Skada rekkverk som vil kunne representere ein trafikklfare skal reparerast snarast mogleg, jf. Handbok N101 kap. 3.2.7. Vegtilsynet gjorde ei registrering der rekkverk ikkje var reparert i tråd med krav:

Tabell 1: Funn etter inspeksjon

Beskrivelse	Kommentar	Plassering
Knekt rekkverksstolpe	1 knekt stolpe, 80 sone	RV 2 6\7,805 402-Hedmark\Kongsvinger Østre Solørveg

¹ jf. Håndbok N101 kapittel 1.1 fjerde avsnitt og forord til Håndbok N301 tredje avsnitt

Tilsynsbevis 2

Rekkverket skal alltid monterast i henhold til leverandørens monteringsbeskriving, jf. Handbok N 101 kap. 3.3.2. Vegtilsynet gjorde 16 registreringar der rekkverk var i strid med kravet:

Tabell 2: Funn etter inspeksjon

Beskrivelse	Kommentar	Plassering
Manglande boltar	Manglar 4 boltar, 80 sone, overgang til bru	RV 2 6\7,845 402-Hedmark\Kongsvinger Østre Solørveg
Manglande boltar	Manglar 2 boltar, 6 boltar er laus, overgang til bru	RV 2 6\7,809 402-Hedmark\Kongsvinger Østre Solørveg
Manglande boltar	Manglar 4 boltar, 80 sone, overgang til bru	RV 2 6\7,827 402-Hedmark\Kongsvinger Østre Solørveg
Manglande boltar	Manglar 4 av 8 boltar, ein heilt laus, roten stolpe	RV 2 6\7,781 402-Hedmark\Kongsvinger Østre Solørveg
Lause boltar	Lause boltar	RV 2 6\7,897 402-Hedmark\Kongsvinger Østre Solørveg
Manglande boltar	Manglar boltar i rekkverket i overgang veg bru.	RV 2 6\7,819 402-Hedmark\Kongsvinger Østre Solørveg
Manglande boltar	Manglar 4 boltar, 80 sone, start på brurekkverk	RV 2 76\32,079 402-Hedmark\Kongsvinger Østre Solørveg
Manglande boltar	Manglar 4 boltar, 80 sone, enden av brurekkverk	GV 370 1\7,457 402-Hedmark\Kongsvinger
Manglande boltar	Manglar 4 boltar, 80 sone, enden av brurekkverk	GV 370 1\7,457 402-Hedmark\Kongsvinger
Manglande boltar	Manglar 4 boltar, 80 sone, rett etter bru	GV 370 1\7,461 402-Hedmark\Kongsvinger
Manglande boltar	Manglande bolt i nedføring	RV 2 6\7,970 402-Hedmark\Kongsvinger Østre Solørveg
Manglande boltar	Rekkverket er forsterka med ekstra skinne, i denne er det berre 4 bolte-hol.	RV 2 8\9,441 423-Hedmark\Grue Solør-vegen
Manglande boltar	Manglar 1 bolt, 80 sone	RV 2 6\7,914 402-Hedmark\Kongsvinger Østre Solørveg
Manglande boltar	Manglar 4 boltar, 80 sone, enden av bru rekkverk	RV 2 6\7,948 402-Hedmark\Kongsvinger Østre Solørveg
Manglande boltar	Manglande boltar, fleire lause boltar på rekkverket på brua	RV 2 6\7,924 402-Hedmark\Kongsvinger Østre Solørveg
Feilmontert rekkverk	Rekkverk montert mot køyreretning	RV 2 806\0,236 402-Hedmark\Kongsvinger



Bilete 1: Manglande boltar, ved bru



Bilete 2: Manglande boltar i overgang til bru

Tilsynsbevis 3

Rekkverket skal alltid starte og avsluttast slik at det ikkje utgjer ein risiko for personskadar, jf. Handbok N 101 kap. 3.3.2. Vegtilsynet gjorde to registreringar der rekkverk var avslutta i strid med kravet:

Tabell 3: Funn etter inspeksjon

Beskrivelse	Kommentar	Plassering
Trafikkfarleg rekkverksende	Skinna er lagt ned	RV 2 76\32,077 402-Hedmark\Kongsvinger Østre Solør-veg
Trafikkfarleg rekkverksende	80-sone, sjå bilete under	RV 2 6\7,914 402-Hedmark\Kongsvinger Østre Solør-veg

Vegtilsynet gjer merksam på at endeavslutningane er vurdert mot dagens krav til endeavslutning, ikkje mot andre krav som eventuelt gjaldt på byggetidspunktet.

Desse registreringane vert derfor ikkje kategorisert som brot på dagens krav, men ut frå eit trafiktryggleiksperspektiv vel Vegtilsynet å ta dei med som forbetningspunkt i rapporten.



Bilete 3: Trafikkfarleg endeavslutning i 80-sone

Avslutningsmøte 8. april 2019

Vegtilsynet presenterte registreringane frå inspeksjonen i avslutningsmøte med byggeleiar og kontrollingeniør på den aktuelle driftskontrakten 08.04.19. Dei opplyste at dei ikkje var kjend med dei aktuelle registreringane, og at inspeksjonane som vert gjennomført av driftskontrakta heller ikkje ville fange opp denne type registreringar. Dei tok atterhald om at dei berre uttalde seg om registreringane som var på veg. Mange av registreringane var på bru, som ligg under bruavdelinga i vegavdelinga.

Vurdering

Vegtilsynet har kategorisert 17 registreringar som brot på krav i Handbok N101 på eit avgrensa område av Rv. 2 i vegavdeling Hedmark, og to registreringar som forbetningspunkt. Registreringane var ikkje fanga opp av Statens vegvesen, og 16 av registreringane var manglande boltar, som vegavdelinga opplyser at dei ikkje har inspeksjonsrutinar for.

Manglande inspeksjonsrutinar for boltar er allereie påvist som ein systematisk svikt i Statens vegvesen, i pågåande tilsynssak 2018-19. Vegtilsynet hadde møte med Vegdirektoratet 11.04.19, og dei jobbar med tiltak både for å inspisere og utbetre rekkverka på riks- og fylkesvegnettet på kort sikt, samt systemtiltak for å sikre at avvika ikkje gjentek seg.

Vegtilsynet set derfor ikkje eit nytt avvik på Statens vegvesen, men rår vegavdeling Hedmark til å gjere ei sjølvstendig vurdering av kor kritisk registreringane er for trafikktryggleiken, og minimum følgjer opp tiltaka som kjem frå Vegdirektoratet.

5. Konklusjon

Vegtilsynet har registrert 17 brot på handbok N101, og to forbettringspunkt.

Manglande inspeksjonsrutinar for boltar er allereie påvist som ein systematisk svikt i Statens vegvesen i pågåande tilsynssak 2018-19. Vegtilsynet set derfor ikkje eit nytt avvik i denne saka.

Vedlegg 1 Oversikt over funn

Figuren under viser alle 19 funn ved Brandval langs Rv2

